

Tilknyttede organisasjoner;



Surnadal kommune

Molde, 9. sept. 2024

*Dette brevet sendes på vegne av Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Birdlife Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre Friluftsråd, DNT Romsdal, DNT Sunnmøre, Kristiansund og Nordmøre Turistforening, KFUK-KFUM speiderne, Norges Speiderforbund, Romsdal Kystlag, Molde Kajakklubb og 4 H Møre og Romsdal.*

## Uttale – søknad nydyrking av 170 da

**FNF Møre og Romsdal meiner at nydyrking av myr må ein prøve å unngå der ein har betre alternative løysingar. Vi frarår denne søknaden då vi meiner at grunnlaget for å tillate nydyrking ikkje er til stades ved at alternative løysingar ikkje er framlagt. FNF Møre og Romsdal trur også Surnadal kommune treng ein betre kartlegging av konsekvensane på natur før ein vurderer eit slikt naturinngrep.**

Vi viser til høyring på søknad om nydyrking av 170 da på gnr 105 bnr 20 i Surnadal kommune med høyringsfrist 26.09.2024.

Slik vi les denne saka gjeld den inngrep i hovudsakleg myr. Å nydyrke myr er noko vi etterkvart har innsett alle negative konsekvensane av, eks utslepp av klimagassar og øydelegging av natur. Difor prøver vi alle å unngå nydyrking av myr.

Vi les på landbruksdirektoratet si nettside – kommentar til regelverk om nydyrking;

§ 5

*Nydyrking av myr er ikke tillatt.*

*Kommunen kan i særlige tilfeller gi dispensasjon til nydyrking av myr;*

- 1. når grunneier mister andre produksjonsarealer på grunn av tap av leiejord eller ved utbygging i offentlig regi som samferdselstiltak eller lignende,*



**Samarbeidsnettverk mellom natur- og friluftslivsorganisasjoner**  
moreogromsdal@fnf-nett.no | Fannestrandsvegen 122, 6419 Molde | tlf 46 43 14 27  
organisasjonsnummer 916 451 954 | www.fnf-nett.no/moreogromsdal

2. der grunneiers eneste dyrkingsressurs er myr, eller
3. for å ivareta særskilte produksjoner i myr på fjellgrunn.

Med andre ord seier lova at nydyrking i prinsippet er ulovleg ved lov/forskrift og at det skal **særlege grunnar** til for at kommunen skal gje dispensasjon.

Eit grunnleggande prinsipp i dei saker der ein tenkjer å byggje ut natur er å vurdere ulike alternativer opp mot kvarandre – dette er mellom anna poengert av Sivilombodet i fleire saker. Difor meiner vi at det er ein vesentleg feil ved denne saksutgreiinga at det ikkje er lagt fram alternative forslag til areal for å ivareta søkarens intensjon med myr dyrkinga. Vi tenkjer då på alternative areal nærmare søkarens driftsbygning. Og vi meiner at saksframlegget også må ta inn i seg ei vurdering av metoden kalla jordskifte som ser driftseiningane i heilheit. Og vi saknar også ei vurdering om kor stor avstand som er forsvarleg å ha mellom dei ulike teigane i ein driftseining. Slik vi les denne søknaden er det vel nærmare 14 kilometer mellom det omsøkte nydyrkningsfeltet og driftsbygninga i eininga. Det betyr mykje køyring med gras eine vegen og møk den andre vegen – noko som tilseier eit dårleg kost-nytte-reknestykkje.

Konklusjonen frå NIBIOs rapport om det eksisterende kunnskapsgrunnlaget om nydyrking av myr (NIBIO rapport 43 2016) er mellom anna følgende:

*«På generelt grunnlag finner vi at et forbud mot konvensjonell dyrking av myrjord er samfunnsøkonomisk lønnsomt med en gevinst i størrelsesorden 500 kr pr dekar og år for jord som ellers ville blitt dyrket. Selv om dyrket jord har en verdi som går tapt for eieren, er effektene på CO2-utslipp av slik dyrking så vidt store at det generelt sett blir en positiv gevinst.»*

Generelt kan vi seie at nydyrking av myr ikkje løner seg, gir oss middelmådig matjord, øydelegger levestadane til ein rekkje arter og slepp ut enorme mengder karbon. Så var det dette med djupna av myra som er referert til fleire stader i saksframlegget i denne søknaden. Her kan vi berre referere fagfolket til dømes ved uttale frå Sabima (Maja Aarønæs); *«Biologisk er det helt ukorrekt å dele myrer opp etter hvor dype de er. Et skille der man åpner for å dyrke myrer grunnere enn en meter, åpner for å ødelegge de myrene med størst artsmangfold.»*

I konsekvensutgreiinga kjem det mellom anna fram utsagn som; *« Det er usikkerhet om hvor store klimagassutslipp som kan forventes etter en tradisjonell oppdyrking av myr med tradisjonell drenering, og det er sprik i forskningen.»* og *«Det vil kunne være arter av dyr eller planter som vil få sitt habitat forringet. Siden myra allerede er delvis drenert, er det sannsynligvis flere typiske myrplanter som nå er forsvunnet.»*

Friluft- og naturvernorganisasjonane har i lang tid krevd at konsekvensutgreiingane ikkje blir styrt av utbyggar og at dei negative naturkonsekvensane også blir utgreidd.



Slikt sett saknar vi i saksframlegget framlegging av biologisk kunnskap om inngrepet og konsekvensar på natur. Elles minner vi på at 2021-2030 er utpeika til FNs tiår for restaurering av natur – såleis ber vi om at restaurering av den omsøkte myra også må vurderast som eit alternativ i denne saka.

Helsing

**Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal**

*Ingbjørn Bredeli*

Fylkeskoordinator  
FNF Møre og Romsdal

Kopi: Møre og Romsdal fylkeskommune, Statsforvaltaren, Sabima

